



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

07.06.2024

Vår ref:

2024/7690

Dykkar dato:

Dykkar ref:

202110781

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til detaljplan for rehabilitering av dammen i Bjølsegrøvatnet i Kvam herad

Rehabiliteringa av Bjølsegrø-dammen vil føre til nye arealinngrep, men det er etter vår vurdering teke omsyn til viktig naturmiljø og friluftsjnteresser i planlegginga. Vi legg til grunn at nye naturinngrep blir avgrensa så langt som råd, at alle tiltak blir godt tilpassa terreng og landskap, og at området blir stelt til at i tråd med moderne praksis.

Vi viser til høyringa av detaljplan for rehabilitering av Bjølsegrø-dammen.

Kort om detaljplanen

Statkraft har planlagt å erstatte eksisterande hovud- og sperredam ved Bjølsegrøvatnet med ny gravitasjonsdam i betongdam. Den nye dammen vil kome nedstraums den eksisterande sperredammen, og det er difor ikje behov for ein ny sperredam.

For å få køyretilkomst heilt fram til damanlegget, er det planlagt å byggje veg og tunnel frå der eksisterande veg sluttar på kote 590 og fram til damanlegget på kote 870, totalt 790 meter veg og 2465 meter tunnel. Ulike veg- og tunneltraséar har blitt vurdert i ein konseptstudie. Statkraft meiner det har blitt lagt stor vekt på landskap og miljø i val av alternativ; valt alternativ vil påverke eit avgrensa område og bli tilpassa omkringliggjande landskap, og massane frå tunneldrivinga vil bli deponert lokalt. Det er i tillegg planlagt å byggje veg og tunnel til nytt båtutsett og ny driftshytte nord-øst for damanlegget. Samla er det planlagt.

Vår vurdering

Rehabilitering av vasskraftanlegg har stor samfunnsnytte, og dermed høg prioritet. Det må akseptertast noko ulempe for allmenne interesser, men naturmiljø og friluftsjnteresser må ivaretakast så godt som mogleg.

Ved rehabiliteringar av damanlegg vil dei fleste inngrepa ofte kome på eller nær eksisterande damanlegg eller anna nedbygde areal. I denne saka vil det i tillegg kome ei lengre ny vegstrekning, i høg fjellsnatur.

Naturverdiar langs søndre veg opp til påhogg for tunnel 15, nordre veg frå tunnelmunning og fram til demninga, og areal som blir påverka av ny demning, blei kartlagt hausten 2021. Det er dette

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



alternativet det er søkt om. Vegen opp til påhogg for tunnelalternativ T2A og veg 04 er ikkje er kartlagt, og om vi forstår detaljplanen rett, er dette alternativet heller ikkje lenger aktuelt.

Naturkartlegginga påviste ein lokalitet med naturtypen «Kalkfattig og intermediær fjellhei, leside og tundra», med høg kvalitet, og tre lokalitetar med naturtypen «Kalkfattig og intermediært snøleie», derav ein med høg kvalitet og to med låg kvalitet. I Naturbase ligg det inne registreringar av fjellbunke og moselyng, som begge er raudlista i kategori nær truga (NT). Det blei ikkje registrert nye raudlisteartar eller framande artar i feltkartlegginga. For å ta omsyn til naturtypelokalitetane er det foreslått å justere dei to vegtraséane søndre veg og nordre veg, altså vegtilkomst til tunnelen og frå tunnelen til anleggsområdet ved dammen.

Vi konstaterer at dei to vegtraséane har blitt justert i tråd med den naturfaglege tilrådinga, og det er òg gjort fleire andre tilpassingar i tråd med naturmiljørapporten. Med desse justeringane er inngrepa i dei viktige naturtypelokalitetane redusert i høve til dei først planlagde vegtraséane. Det vil framleis bli inngrep i viktig natur, og lokaliteten ved dammen vil det ikkje vere mogleg å ivareta i rehabiliteringsarbeidet.

Vår vurdering er at naturmiljøet er tilstrekkeleg undersøkt, og at prinsippet om å minimere naturinngrepa er lagt til grunn i planlegginga. Vi legg til grunn at alle tiltak blir godt tilpassa terreng og landskap, og at området blir stelt tilt at i tråd med moderne praksis basert på den lokale frøbanken.

Tiltaksområdet ligg i eit viktig friluftsområde med fleire merka turstiar, og den eksisterande parkeringsplassen er eit populært utgangspunkt for turgåarar. Det er planlagt å etablere ny mellombels parkeringsplass, og å leggje om dei første 350 metrane av turstien som vil liggje innafor anleggsområdet. Det er planlagt varig omlegging av tursti nær damanlegget for at turgåarar framleis skal få tilgang til utsiktspunkt ved vatnet. Ved behov for å stengje vegen i periodar med mykje anleggstrafikk, vil det bli skilta og førehandsvarsla. Vi legg til grunn at det blir halde god dialog med turinteressene i anleggsperioden.

Vi konstaterer at det vil bli sendt søknad til Statsforvaltaren om utsleppsløyve for anleggsdrifta. Det går fram av planen at tiltakshaver kjenner regelverket for handtering av betongavfall. Vi legg til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M- 1243.

Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdier.

Med helsing

Joachim Holmøyvik
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Kvam herad
Vestland fylkeskommune

Grovagelet 16
Postboks 7900

5600
5020

NORHEIMSUND
BERGEN

